




Aukra kommune



Fræna kommune

## **Avtale om skulesamarbeid mellom Aukra kommune og Fræna kommune**

Avtalen gjeld samarbeid om ungdomsskuletilbod for elevane i Julsundet opptaksområde og Søre Fræna opptaksområde. Skuletilbodet vert gitt ved Julsundet skole.

### **Avtalelengd, oppseiing:**

Avtalen gjeld for tidsrommet august 2015 til skuleslutt i 2025 (10 år). Etter den tid kan avtalen reforhandlast eller prolangerast. Gjensidig oppseiingstid for avtalen er tre år, slik at dersom avtalen blir sagt opp eit kalenderår, gjeld oppseiinga frå og med skulestart tre år etter.

### **Rettar og plikter:**

Aukra kommune plikter å gje eit fullverdig ungdomsskuletilbod. I det ligg mellom anna å halde tenelege skulelokale med det inventar, utstyr og læremiddel og fritt skulemateriell som trengst for å gje eit undervisningstilbod med det omfang og den kvalitet som er fastsett sentralt og lokalt.

Elevar og foreldre frå Fræna kommune har dei same rettane og pliktene, og skal handsamast på same måte som elevar frå Aukra kommune, når ikkje anna er avtalt mellom kompetente organ i kommunane.

Fræna kommune får formell innverknad på skuletilbodet ved at:

- Samarbeidsutvalet ved skulen blir styrka med to foreldrerepresentantar vald av og mellom foreldre/føresette til elevane frå Fræna. Fræna kommune kan ut over dette nemne opp ein representant.
- Fræna kommune blir nytta som høyringsinstans i aktuelle saker som gjeld skulen i Julsundet.
- Fræna kommune får kvart år tilsendt kopi tilstandsrapporten for grunnskulen i Aukra kommune. Fræna kommune skal og ha kopi av andre brukarundersøkingar og kvalitetsgranskingar ved Julsundet skole.
- Elevane frå Fræna kommune meldast inn som eiga gruppe til nasjonale prøver. Fræna kommune får kopi av resultatata for dei nasjonale prøvene og kopi av vitnemål for elevane frå Søre Fræna.
- I den grad elevane deltek i prosjektarbeid/ løyser prosjektoppgåver, skal det leggst til rette for slik prosjektverksemd i begge kommunar.

### **Årleg møte:**

Det vert halde eit årleg møte på vårparten mellom Fræna og Aukra kommunar, der skuledrifta og skulesamarbeidet vert vurdert.

Fræna kommune kan utover dette, ved behov, be om drøftingsmøte med politisk og administrativ leiing i Aukra. Det same gjeld andre vegen.

### **Finansiering:**

Alle utgifter til opplæring, skulelokale, kapitalkostnader etc. vert belasta Aukra kommune sitt budsjett.

Fræna kommune betaler ein elevpris på kr 105,000,- pr. år.

Innbetalinga skjer kvartalsvis og blir indeksregulert kvart år etter tabell med vekt på arbeidstid, frå 01. januar 2014.

Tilbodet omfattar: Løn til ordinær undervisning, spesialundervisning, materiell, administrasjon og husleige.

Fræna kommune dekkjer skyss og pp-teneste for elevane frå Fræna.

### **Skuleskyss og øyremarka tilskot**

Utgifter til skuleskyss etter §7 i Opplæringslova, vert dekt av Fræna kommune for eigne elevar.

Eventuelle øyremarka tilskot som følgjer av særskilde aktivitetar for elevar, og som tilfell heimkommunen, vert kanalisert inn der aktivitetane foregår.

### **PP-teneste og spesialundervisning:**

Elevane frå Fræna nyttar same PP-teneste som Aukra, og betalinga for denne tenesta vert refundert av Fræna kommune etter same reglar som gjeld for Aukra kommune, og med ein elevsats som for tida er kr 1.976,- (2012 tal).

Ved eventuelle endringar i gjeldande avtale om kjøp av tenester frå Aukra, Midsund og Molde PPT, skal Fræna kommune takast med som høyringsinstans.

Spesialundervisning etter §5-1 i opplæringslova, for elevar frå Fræna, vert gitt etter vedtak av rektor ved Julsundet skole, basert på sakkyndig vurdering frå PPT.

### **Særskild språkopplæring:**

Opplæring av elevar frå språklege minoritetar etter §2.8 i opplæringslova og forskriftene §24-1, for elevar frå Fræna, vert gitt etter vedtak av rektor ved Julsundet skole.

### **Usemjje om avtalen:**

Dersom det oppstår usemjje om tolking av avtalen eller andre former for usemjje knytta til gjennomføring av tiltaket som avtalen dekkjer, skal partane komme saman med sikte på å forhandle fram ei minneleg løysing.

Dersom slike forhandlingar ikkje fører fram kan kvar av partane krevje at tvisten skal bli løyst ved voldgift, kfr. Tvistemålslovens kapittel 32, med mindre ein av partane krev at tvisten skal bli avgjort ved dei ordinære domstolane.

Stad, dato 01.07.14

*Bambardur Steinhord*

Ordførar

Aukra kommune



Stad, dato Aukra 01.07.2014

*Kari John Gjæddu*

Ordførar

Fræna kommune